

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Stend vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2015/16: 451

## 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

### Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

### 1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	86,1 (utan alternativ plan)
2015/16	84,5 (utan alternativ plan)

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	6,36	7,27
	2015/16	8,41	8,12
Standpunkt	2014/15	1,22	3,06
	2015/16	5	4,71
Eksamen	2014/15	6,77	
	2015/16	7,23*	

\*2 elevar har fått ståkarakter etter klagebehandling

### 1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	15,85
	dagar	9,57
2015/16	timar	18,6
	dagar	10,06

### 1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	4,8 (21)
2015/16	4,5 (20)

**1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17****Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?**

22 IV er fordelt på sju elevar, og 12 1arar er fordelt på 4 elevar. Desse elevane, med unntak av ein, har av ulike årsakar hatt mykje fråvær og/eller valt å fortsetje som elev til trass for manglande vurderingsgrunnlag gjennom året. Ein av desse kjem til å søkje om annullering av året.

Mange av elevane som hadde 1 og IV i 1. termin har hatt oppfølging av lærarar og elevtenesta, og har sikra vurderingsgrunnlag i 2. termin.

Til eksamen var det 16 elevar som strauk. Av desse strauk 12 i matematikk 1P-Y.

Fråværet har dei siste åra vist ein svakt fallande tendens, men det er framleis for høgt. Dette året har det igjen steget noko. Det er framleis litt for mange enkeltelevar og enkelte klassar som dreg tala i feil retning.

**Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?**

Overføringsmøter med elevar som er søkt inn med fortrinnsrett.

Avklaringsmøter før skuleferien med elevar som er søkt inn på individuelt grunnlag.

Bli-kjent dag med foreldre veka før skulestart, der vi inviterer elevar med låge poengsummer, lang reiseveg/hybelbuarar og andre som vi trur vil ha glede av å få ein tjuvstart.

Kontaktlærarsamling før skulestart med fokus på å sjå den enkelte elev, og etablere eit godt læringsmiljø i samarbeid med resten av skulen.

Fokus første skuleveke på å bli kjent med skulen og utdanningsprogrammet, og på å etablere eit godt klassemiljø.

Foreldremøte for vg1 første skuleveke.

Startsamtale i løpet av dei første to vekene.

Kartlegging ved skulestart og ved behov.

Tett oppfølging av fråvær, og gode rutinar for samarbeid mellom kontaktlærer/avdelingsleiar og Elevtenesta.

Tett samarbeid med skulehelsestenesta.

**Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**

Talet på sluttarar ligg om lag på same nivå som det har gjort dei siste åra. Framleis er mykje av årsakene til at elevar slutter knytt til forhold utanfor skulen. Vi har i fleire saker hatt eit tett samarbeid med hjelpeapparatet eksternt, utan at dette har hindra slutt. I tillegg har vi bygd ut elevtenesta med fleire miljøterapeutar for å følge tett opp elevar i risikosona i tillegg til at dei arbeider førebyggjande i elevmiljøet. Vi har og klargjort samarbeidet mellom kontaktlærer/avdelingsleiar og elevtenesta for å sikre rask oppfølging av elevar i risikosona. Sluttarane finn vi særleg på naturbruk. Utfordringa er at elevar som ikkje har mål/grunnlag for å oppnå generell studiekompetanse, har svært få utgangar. Dette er for mange lite motiverande. I tillegg ser vi at mange har med seg psykososiale utfordringar frå ungdomsskulen. For nokon betyr det at dei strevar med å finne seg til rette i elevrolla, og krev tett oppfølging og gode relasjonar frå lærar og andre vaksne. Andre har faglege hull eller er på eit lågt fagleg nivå, og opplever difor manglande meistring som kan føre til frustrasjon og låg motivasjon.

**Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?**

Tiltak retta mot sluttarar vil i stor grad vera dei same som i avsnittet over. Tidleg identifikasjon og tiltak – rådgiving for å hindra feilval, informasjon om alternative løp/omval – ulike former for tilrettelegging/fleksibilitet og samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar. Å satse vidare på god klasseleiing vil framleis vera i fokus. Vi vil òg arbeide vidare med yrkesretting, tverrfagleg undervisning, utprøving av ulike praktiske arbeidsoppgåver og utplassering i PTF. Neste års utviklingsprosjekt på skulen skal ha fokus på å løfte fellesfaga på skulen fordi det er her elevane slit mest med motivasjonen. I verste fall fører dette til stryk, IV eller at eleven sluttar. I tillegg er skulen med i eit arbeid der ein prøver å få til fagbrev innan dyrefag. Dette vil vera aktuelt for fleire av dei elevane vi her snakkar om.

## 2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

### 2.1 Vurdering for læring

#### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

	Stend VGS (15 Høst)
4.1 Vurdering for læring	3,81
4.2 Egenvurdering	3,41
4.3 Vurdering for læring (Skoleporten)	3,66

#### 2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

##### **Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Lærarane har dei siste åra arbeidd mykje for å finne gode former for vurdering for læring, og det ser vi att i ein positiv tendens i Elevundersøkinga. Dette gjeld både å sikre at eleven veit kva dei skal lære, at dei får gode tilbake- og, ikkje minst, framovermeldingar. Det har vore eit spesielt fokus på å engasjere elevane meir gjennom eigenvurdering, og i mange grupper ser vi stor framgang på dette området.

#### 2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

##### **Utfordringar:**

Det er framleis for stor skilnad mellom korleis ulike fag og avdelingar arbeider med vurdering for læring. Dei elevane som strevar fagleg har eit stort behov for tydeleg og konkret informasjon, og vi vil difor i enno større grad leggje vekt på at alle har gode planar og bruker ltslearning på ei føreseieleg og klar måte. Vi vil til hausten ha mål om at det skal vere laga minstemålsplanar i alle fag, som kan gjere det klarare for desse elevane å sjå kva dei skal lære. I tillegg er det eit generelt mål å støtte lærarane i å etablere gode relasjonar til elevane, og i at dei har rom til å gjennomføre elevsamtaler i ulike former.

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

#### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

**2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:**

**Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**  
 Itslearning er basisverktøyet som alle brukar til kommunikasjon og informasjonsflyt. Itslearning er hovudkanal for informasjon mellom lærar og elev med bruk av fagstruktur, kalender og meldingssystem. Vi ser at bruken vert mindre og at andre verktøy tek over delar av funksjonane til itslearning. Lærarane har den grunnkompetansen dei treng, men det er stadig grunn til å ha fokus på lik praksis i korleis Itslearning blir brukt. Vi slit til dømes med å få alle lærarar til å nytte kalenderfunksjonen i It's for å legge ut info om planar, oppgåver m.m. Dette er krevjande for elevar som treng hjelp til å få oversyn over kvardagen sin. Fleire lærarar prøvar stadig ut nye verktøy i undervisninga, og vi har trekt fram nokre gode døme for andre lærarar.  
 Alle lærarane brukar no det same e-postsystemet og kalenderfunksjonen i Outlook. Skulen har samla mykje informasjon i ein felles kalender. Denne blir oppdatert i Google, integrert i Outlook og vist på skulens Info-skjermer. Timeplanprogram med romplan, som er tilgjengeleg på nett, har òg vore ei forbetring.

**2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»**

**Utfordringar:**  
 Dei er dei same som dei har vore dei siste åra:  
 Det store mangfaldet av verktøy som lærarane skal forholde seg til.  
 Systematisk arbeid med å få til ein god informasjons- og delingskultur innan IKT.  
 Itslearning må bli brukt betre for å gi elevene informasjon og struktur i læringsarbeidet.

**2.3 Klasseleiing****Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

	Stend VGS (15 Høst)
3.1 Støtte fra lærerne	4,27
3.2 Arbeidsro	3,90
3.3 Elevdemokrati og medvirkning	3,66
3.4 Felles regler	4,13
3.5 Læringskultur	4,02
3.6 Praktisk opplæring	3,38
3.7 Variert opplæring	4,00

**2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:**

**Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**  
 Resultata i Elevundersøkinga er betre enn på mange år. Lærarteama i dei ulike gruppene har samarbeid om å utvikle felles reglar, det har i mange klassar vore lærarstyrte klassekart, og kontaktlærarane har fylgt opp elevar som treng ekstra støtte i å mestre elevrolla. På naturbruk har miljøterapeutane i elevtenesta vore til stor hjelp i dette arbeidet. Vi trur og den

**Comment [CS1]:**

Verdi:4,27Situasjonsbilde:Standard situasjonsbildeGrenseverdier:1,0 <= Rød < 3,63,6 <= Gul- < 3,83,8 <= Gul+ < 4,04,0 <= Grønn < 5,1Beskrivelse:Elevene i utvalget sier at de stort sett har lærere som gir dem støtte og hjelp i skolearbeidet, som bryr seg om dem og har tro på dem.

**Comment [CS2]:**

Verdi:3,90Situasjonsbilde:Standard situasjonsbildeGrenseverdier:1,0 <= Rød < 3,53,5 <= Gul- < 3,73,7 <= Gul+ < 3,93,9 <= Grønn < 5,1Beskrivelse:Det er vanlig at elevene i ditt utvalg sier at det er god arbeidsro i timene.

**Comment [CS3]:**

Verdi:3,66Situasjonsbilde:Standard situasjonsbildeGrenseverdier:1,0 <= Rød < 3,23,2 <= Gul- < 3,43,4 <= Gul+ < 3,63,6 <= Grønn < 5,1Beskrivelse:Elevmedvirkning kan bidra til å gjøre elevene mer aktive i egen læringsprosess. På den måten får de bedre oversikt og kontroll over hva som skal læres i en bestemt periode. Elevene i ditt utvalg opplever medvirkning.

**Comment [CS4]:**

Verdi:4,13Situasjonsbilde:Standard situasjonsbildeGrenseverdier:1,0 <= Rød < 3,63,6 <= Gul- < 3,83,8 <= Gul+ < 4,04,0 <= Grønn < 5,1Beskrivelse:Det er vanlig at elevene i ditt utvalg kjenner reglene på skolen og synes at de blir fulgt opp av de voksne.

**Comment [CS5]:**

Verdi:4,00Situasjonsbilde:Standard situasjonsbildeGrenseverdier:0,1 <= Rød < 3,63,6 <= Gul- < 3,83,8 <= Gul+ < 4,04,0 <= Grønn < 5,1

*positive utviklinga i korleis elevane opplever arbeidsmiljøet, heng saman med at vi har ei god utvikling på området «Vurdering for læring».*

### 2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

**Utfordringar:**

Å vere føreseieleg og samstemt i korleis vi handterer uro.

Å vere tett på klassene i skulestarten slik at dei får eit godt klassemiljø og gode rutinar knytt til orden.

Å fange opp utfordringar så raskt som råd, og setje i verk tiltak retta mot både klassen og enkeltelevar straks.

Å ha eit godt samarbeid i lærarteam, og eit godt samarbeid med elevtenesta.

## 3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

### 3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Utviding og utvikling av Elevtenesta.

### 3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Vi har mange elevsaker som treng oppfølging over tid, og der det er mange som involvert, både internt og eksternt.

Elevtenesta har ei viktig rolle i å gi støtte til lærarar og avdelingsleiarar i elevsaker. For å ha større moglegheit til å kunne gjere dette i situasjonar gjennom dagen, valte vi å tilsetje miljøterapeutar i Elevtenesta, samtidig som vi utvida stillinga som sosialpedagogisk rådgivar. Dette gir oss fleire verktøy til å løyse behov for støtte til lærarar i klassar med mykje uro, og for å fange opp elevar som ikkje møter til undervisning, eller som strevar med å halde fokus over tid.

Målet for utviklingsarbeidet i Elevtenesta har vore å utvikle ei god teneste som er til hjelp for avdelingane og elevane, rydde i fordeling av oppgåver og ansvar mellom avdelingsleiarane og Elevtenesta og finne gode former for førebyggjande trivselstiltak som kan byggje ein god skulekultur.

### 3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Ass. Rektor har hatt eit overordna ansvar for tiltaket. Leiargruppa har blitt orientert undervegs, og har tatt stilling til forhold som har konsekvensar for skulen og avdelinga. Skulemiljøutval og tillitsvalte er blitt orientert om arbeidet, og om konklusjonane.

### 3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

### 3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

## 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

### 4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Vurdering av status vert stadig drøfta i leiargruppa. Det er og eit tema på møte med tillitsvalte og fagkoordinatorane i fellesfaga. Vi har hatt prosessar i samband med gjennomføring og oppfølging av Elevundersøkinga haust og vår og evaluering av 1. termin i samband med karaktersetting. Her har elevråd, skulemiljøutval, elevtenesta og klasselærarråd vore engasjert. Leiargruppa og elevrådsstyret har gjennom våren møtst to gonger til felles lunsj, der vi har drøfta status på ulike områder.

### 4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Avdelingsleiarane og rektor har engasjert seg tungt i gjennomføring og oppfølging av Elevundersøkinga for å få opp svarprosenten og iverksetting av tiltak. Elevtenesta har hatt ansvar for oppfølging av einskildelevar som stryk/IV.

### 4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Det er ei stor utfordring å sikre at heile det pedagogiske personalet er involvert. Mykje av dette arbeidet er no lagt til avdelingane. Dei har i stor grad bestemte korleis dei ville arbeide med dei ulike satsingsområda.

### 4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Utviklingsplanen er presentert og drøfta i elevråd og skulemiljøutval. Gjennomføring, val av tilleggsspørsmål og resultat av elevundersøkinga har vore drøfta med elevrådet. I undervisningsevalueringa har elevane vore med å lage spørsmål, og klassane kunne få velje kva lærarar dei skulle vurdere. I arbeidet med tilstandsrapporten har ikkje elevane vore direkte med. Generelt er det krevjande å få med elevar aktivt med i en prosess over tid. Elevane vert difor ofte meir ein drøftingspartnar enn aktivt deltakande i arbeidsprosessen.

### 4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Utfordringane er dei same som tidlegare:

Å tenke utvikling i kvardagen når daglege gjeremål lett tek overhand

Å sette seg klare mål som alle tilsette har ein relasjon til.

Å halde trykk på og følgje opp det ein har vorte einige om.

Å engasjere lærarar og elevar aktivt over tid, i ein god prosess.

## 5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

### 5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

- Informasjon på et tidlig tidpunkt
- Forankre det i avdelingane
- Etablere styringsgruppe og arbeidsgrupper